

- Seksualitet i endring s. 1
- Lite samarbeid mellom heim og skule s. 2
- Det fleirkulturelle klasserommet s. 2
- Ungdom og seksuelle røynsler med same kjønn s. 3
- Seminar s. 3
- Eksterne publikasjonar s. 4

## Seksualitet i endring

✎ Av Willy Pedersen, NOVA og UiO

Dei siste ti åra har jentene sin samleiedebutalder falle med eit heilt år, medan vi finn mindre endringar hos gutane. Kva er årsakene? Truleg speglar dette endringar i kjønnsrollene våre; det er jente- og kvinnerollene som har forandra seg mest dei siste tiåra. Dette kan igjen ha samanheng med det vi gjerne kallar nye diskursar om intimitet og seksualitet, og at desse pregar jentene si livsverd meir enn kva vi ser for gutar og menn. I skjønnlitteratur og blad for jenter står slike tema i sentrum, medan det nesten ikkje vert tematisert i medium for gutar.

Øg når det gjeld erotiske handlingar overfor same kjønn, ser vi endringar. For nokre unge kvinner er slike handlingar mykje meir utbreidde og mindre truande enn for unge menn. Dette kan òg tolkast i retning av at kjønnsrollene og dei seksuelle identitetane til kvinner har vorte meir fleksible. For menn representerer slike handlingar framleis brot på grunnleggjande normer for maskulinitet, for kvinner er grensene på dette feltet meir uklære og mindre vil difor stå på spill.

Dette er berre nokre av ein serie funn som ein kan finne att i NOVAs forskning om seksualitet og seksuell identitet. Sentralt i studiane finn vi dei store ungdomsundersøkingane NOVA har gjennomført. Representative generasjonsgrupper av ungdom har vorte undersøkte med intervall på ti år. Desse studiane vert supplerte med grundige skildringar av mening og kulturell kontekst basert på kvalitative intervju og etnografisk feltarbeid. Når det gjeld seksualitet, har NOVA særleg ytt kunnskap om vanleg ungdom, om homofile og lesbiske samt barn og unge i risikosona – til dømes dei som sel seksuelle tenester.



NOVA Rapport 5/02

Det rike kunnskapstilfanget det her er snakk om, er ikkje mogleg utan langsiktig og konsentrert satsing. Då vi frå UNGFORSK i 1992 starta den første store Ung i Noreg-undersøkinga, var det eit tungt løft, berre mogleggjort av at mange la ryggen til, samt at vi hadde langsiktige finansieringskjelder. Den same innsatsviljen har prega dei vidare opp-følgjingane av Ung i Noreg 1992, seinare den store ungdomsundersøkinga i Oslo (Ung i Oslo 1996) og den nyleg avslutta Ung i Noreg 2002. I åra framover kan vi hauste av denne innsatsen.

Du finn ei oversikt over og samandrag av dei siste publikasjonane på feltet seksualitet i *info-NOVA* si elektroniske utgåve: Besøk NOVA på [www.nova.no](http://www.nova.no). Her finn du òg Ung i Noreg 2002 si heimeside.

## Lite samarbeid mellom heim og skule

Ein ny forskingsrapport syner at samarbeidet mellom foreldre og lærarar i den vidaregåande skulen kunne ha vore betre. Resultata frå studien stammar frå ei undersøking der mellom anna elevar, foreldre og tilsette i skular og ved den pedagogisk-psykologiske tenesta har vore med.

Rapporten fortel om breidda og innhaldet i kontakta mellom familie og skule. Røynsla frå studien er at samarbeidet ikkje fungerer godt nok verken slik at foreldra får verke i lag om dei felles måla, eller slik at skulen får nytte foreldras ressursar.

I den grad skulen legg opp til kontakt, gjev foreldra inntrykk av at samværet er upersonleg, svært sporadisk og ber lite preg av eit arbeidsfelleskap, fortel Mira Aaboen Sletten, ein av forskarane bak rapporten. Foreldra er sjølve i liten grad med på å påverke rammene for samhandling: berre ein av fem har sjølv tatt initiativ til kontakt. Møtetilbodet frå skulen er òg dårlegare enn i grunnskulen.

I tillegg fortel foreldra at dei får relativt lite informasjon frå skulen; dette gjeld spesielt informasjon om undervisningsopplegget. Her skil dei seg òg frå foreldra med barn i grunnskulen.

Vi kan sjå eit skilje mellom samarbeid omkring den einskilde elev og samarbeid som gjeld skulen sin verksemd generelt, seier Sletten. Foreldre, elevar og lærarar gjev alle uttrykk for at elevane bør få større fridom og meir ansvar når dei byrjar i vidaregåande opplæring. Sjølvstende i forhold til eige skulearbeid vert likevel ikkje nødvendigvis oppfatta som ein motsetnad til at foreldra kan få meir innverknad på generelle forhold knytte til undervisninga og det sosiale miljøet. Både foreldre og elevar gjev uttrykk for at idealet om sjølvstende kan brytast når elevane har særskilde behov eller problem, og det behovsstyrte samarbeidet er òg det som er mest utbreidd i vidaregåande skular i dag.

Fleirtalet av dei som arbeider i skulen er positive til å la foreldra få meir å seie samla sett. Dei som ikkje ønskjer meir innverknad for foreldra (36 prosent), og dei som synest det er unødvendig at lærarane diskuterer undervisninga med foreldra (40 prosent), er likevel òg mange.



## Det fleirkulturelle klasserommet

Ei ny doktorgradsavhandling signert Marie Louise Seeberg er no gjeven ut i NOVA sin rapportserie.

Avhandlinga baserer seg på antropologisk feltarbeid i to klasser i grunnskulen, ei i Oslo og ei i Amsterdam. Tema er korleis majoritetsbefolkninga ser på seg sjølv og ser på andre: korleis nasjonale identitetar vert produserte og reproduserte i skulane, og korleis grensene for inkludering og ekskludering dermed vert trekte. Studien understrekar at vi må forstå ulike nasjonale drøftingar om multikulturalisme i skulen og om det fleirkulturelle samfunnet på bakgrunn av dette. Korleis ein tenkjer at eit demokrati skal vere er òg viktig i denne samanhengen.

Seeberg har sett på og analysert læreplanar og andre styringsdokument samt materiale basert på observasjon, samtalar og intervju. Sjølv om ein i vanleg forstand ikkje kan seie at dei to skuleklassene er representative for utdanningssystema i dei to landa, argumenterer ho for at måtane klassene fungerer på, måla lærarane har for undervisninga, pensum og så bortetter speglar to grunnleggjande og kontrasterande verdisystem som er karakteristisk for Noreg og Nederland.



Forskar Marie Louise Seeberg

Skulesystemet i Noreg – einskapsskulen – er bygd opp kring ideen om likskap, medan skulesystemet i Nederland er forma av ideen om toleranse og fridom som det sentrale. Hovudfunnet er at dette gjev heilt forskjellige rammor for korleis barn lærer å handtere ulikskap, og for dei nasjonale sjølvbileta som vert formidla. Det gjev òg heilt forskjellige premisser for drøftingane om innvandring, integrering og det fleirkulturelle samfunnet: i Noreg vert grensene for likskap utfordra, medan grensene for toleranse vert viktige i Nederland. Til dømes vert ikkje ulikskap handtert opent i den norske skulen dersom han ikkje kan kodast om til ei form for lokal ulikskap som ein kan plassere innanfor rammene av det nasjonale. Denne ideologien inneber at ein omgår etnisk ulikskap, noko som òg var karakteristisk for den praksisen som Seeberg fann mellom lærarane. Elevane, derimot, unngjekk dette og fann mange nye måtar å handtere ulikskapar på, oftast utanfor rekkjevidda til læraren.

## Nytt frå Ung i Noreg

### Seksuelle røynsler med same kjønn



Forskar Kristinn Hegna

Forskning om seksualvanane til ungdom har i stor grad og med stor sjølvfølge handla om røynsler ungdom har gjort med personar av motsett kjønn. Ofte har det vore teke for gjeve at når ungdom fortel om sine seksuelle røynsler, så er det heteroseksuelle røynsler det handlar om. Fokus på homofili og seksuell identitet dei siste åra har ytt tilskot til at det i større grad vert stilt spørsmål ved dette. Det å kartleggje seksualvanane til ung-

dom med opning for deira seksuelle røynsler både med gutar og jenter gjev større presisjon i resultatane.

Den store spørjeskjemaundersøkinga *Ung i Noreg 2002* innhenta informasjon om seksualvanar frå nærare 12 000 elevar i ungdomsskule og vidaregåande skule. Undersøkinga syner at det generelt er eit fåtal jenter og gutar som i hovudsak rettar sin seksualitet mot personar av same kjønn, men det er skilnader mellom kjønna. Vi finn at dobbelt så mange jenter som gutar har vore seksuelt tente på ein av same kjønn, teke ein av same kjønn (seksuelt) på overkroppen, på kjønnsorganane eller hatt oral sex. Berre dei mellom 16 og 19 år vart spurte om å svare på desse spørsmåla. Når det gjeld dei minst «seksuelle» handlingane, er det mest oppsiktvekkjande det store talet jenter som har kyssa ei anna jente. Sett uavhengig av alder er det sju gonger så mange jenter som gutar som har kyssa ein av same kjønn.

Kor stor vekt legg ungdomane sjølve på desse handlingane? For å svare på dette må vi vurdere korleis vi skal tolke handlingane. Frå eit perspektiv knytt til seksuell orientering kan dei oppfattast som uttrykk for ein vaknande seksuell identitet. Frå eit meir generelt perspektiv knytt til seksuell utvikling kan dei oppfattast som uttrykk for seksuell eksperimentering eller som ein del av eit heteroseksuelt styrt handlingsrepertoar. Kanskje enkelte jenter har hatt seksuelle røynsler der dei har vore saman med både gutar og jenter samtidig?

Meir om dette temaet samt tabelloversikter over dei seksuelle røynsleane til gutar og jenter både med motsett og same kjønn finn du i artikkelen *Ungdoms seksualvanar – «homo» og «hetero»? i siste nummer av Tidsskrift for ungdomsforskning* (nr. 2/2003).

## Seminar

### Ungdom i eit fleirkulturelt samfunn

Noregs forskingsråd og NOVA inviterer til konferansen *Ungdom og oppvekst i et flerkulturelt Norge* i Drammen 29. og 30. april 2004. Ikkje utan grunn har stoda til den oppveksande generasjonen vorte eit viktig tema i debatten om det fleirkulturelle Noreg. Aldri før har nokon generasjon ungdomar her i landet vakse opp med større kulturelt mangfald enn dei som veks opp i dag.

Eit av hovudtema på konferansen vert å sjå nærare på i kva grad, og i så fall på kva måte, ungdomstid og oppvekstvilkår for ungdom med utanlandsfødde foreldre skil seg frå resten av ungdomsbefolkninga. Innleiarane vil setje fokus på forholdet mellom generasjonar, marginalisering og kriminalitet, utdanning og arbeid, kjønnsrelasjonar, deltaking og demokrati. Innlegga spring i hovudsak ut frå pågåande eller nyleg avslutta forskingsprosjekt.

Konferansen rettar seg mot praktistar, styringsverk, innvandrorganisasjonar, forskarar, studentar og andre med interesse for innvandring, multikulturalisme og forholdet mellom minoritet og majoritet.

For NOVA sin del markerer konferansen òg avslutninga på ei femårig satsing på kompetanseoppbygging innanfor migrasjons- og minoritetsforskninga gjennom det strategiske instituttprogrammet *På terskelen til eit fleirkulturelt samfunn*.

Du finn program og meir informasjon om konferansen på heimesida til NOVA: [www.nova.no](http://www.nova.no).



### Forløpsstudiar av barn og unge

Korleis skal vi gå fram i høve til fråfall frå forløpsstudiar? Dette spørsmålet samt drøftingar kring verdet av gjentekne samtalar med barn og unge er blant dei tema som vil verte drøfta på eit nordisk seminar som NOVA og Regionsenteret for barne- og ungdomspsykiatri skipar til på nyåret.

Seminaret vil finne stad på Hotell Soria Moria i Oslo 12.–13. februar. Kontaktpersonar for seminaret er forskingsleiar Elisabeth Backe-Hansen ved NOVA (e-post: [ebh@nova.no](mailto:ebh@nova.no)) og Bente Gjørum (e-post: [bente.gjarum@psykiatri.uio.no](mailto:bente.gjarum@psykiatri.uio.no)) ved Regionsenteret. Meir informasjon om seminaret vil snart vere å finne på NOVA sine vevsider: [www.nova.no](http://www.nova.no).

Backe-Hansen, E. (2003). Biologi, barnevern og beslutninger: Kritisk refleksjon over det biologiske prinsippet. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 80(3):3–15

Daatland, S.O. (2003). Den evige krise? Eldreomsorgen og velferdsstaten i europeisk sammenheng. *Aldring og livsløp*, 3:16–23

Daatland, S.O. (2003). From variables to lives: Inputs to a fresh agenda for psychological ageing research in Norway. *European Psychologist*, 8(3):200–207

Eriksen, J. (2003). Public payment for informal care of disabled children. Some dilemmas of the Norwegian welfare state. *European societies. Journal of the European sociological association*, 5(4):445–463

Fauske, H. & T. Øia (2003). *Oppvekst i Norge*. Oslo: Abstrakt forlag

Fuglerud, Ø. (2003). Kontroll og korrupsjon: Et bidrag til historien om den norske innvandringshistorien. *Norsk antropologisk tidsskrift*, 14(2–3):137–146

Hegna, K. (2003). Ungdoms seksualvaner – «homo» og «hetero»? *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 3(2):113–118

Katz, R., S.O. Daatland, A. Lowenstein, M.T. Bazo, I. Ancizu, K. Herlofson, D. Mehlhausen-Hssoen & D. Prilutzki (2003). Family norms and preferences in intergenerational relations: A comparative perspective. I V. Bengtson & A. Lowenstein (red.): *Global aging and challenges to families*. New York: Aldine de Gruyter, s. 305–326

Nordahl, T. (2003). Møtet mellom en hegemonisk skole og handlende ungdom. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 3(2):69–88

Pape, H. & S. Falck (2003). Ungdomskriminalitet. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 3(2):99–112

Richter, R. & J. Eriksen (red.) (2003). *European societies. Journal of the European sociological association*, tema: *Care through cash and public service*, 5(2)

Sivesind, K.H. & G. Ødegård (2003). Makt i de frivillige hender. Skaper frivillige ungdomsorganisasjoner engasjerte samfunnsborgere? I F. Engestad & G. Ødegård (red.): *Ungdom, makt og mening*. Makt- og demokratiutredningen. Oslo: Gyldendal Akademisk, s.121–158

Skevik, A. (2003). Children and the Welfare State: Individuals with Entitlements, or Hidden in the Family? *Journal of Social Policy*, 32(3):423–440

Skogen, K. & O. Krange (2003). A Wolf at the Gate: The Anti-Carnivore Alliance and the Symbolic Construction of Community. *Sociologia Ruralis*, 43(3):309–325

Skogen, K. (2003). Adapting Adaptive Management to a Cultural Understanding of Land Use Conflicts. *Society and Natural Resources*, 16:435–450

Storvoll, E.E. & L. Wichstrøm (2003). Gender differences in changes in and stability of conduct problems from early adolescence to early adulthood. *Journal of Adolescence*, 26:413–429

Storvoll, E.E., L. Wichstrøm & H. Pape (2003). Gender differences in the association between conduct problems among adolescents. *Journal of Scandinavian Studies in Criminology and Crime Prevention*, 3:194–209

Strandbu, Å. & O. Krange (2003). Youth and the environmental movement – symbolic inclusions and exclusions. *The Sociological Review*, 51(2):177–198

Strandbu, Å. (2003). Aerobic for innvandrerkvinner – et møtested for motstridende kroppsidealer? I B. Hølge-Hazelton (red.): *Perspektiver på ungdom og krop*. Roskilde: Roskilde universitetsforlag, s. 149–166

Thorsen, K. (2003). Gränser för omsorg och den gränslösa omsorgen. I M. Szebehely (red.): *Hemhjälp i Norden – illustrationer och reflektioner*. Lund: Studentlitteratur, s. 241–278

Thorsen, K. (2003). Kjønn og makt i omsorgstjenestene. I L.W. Isaksen (red.): *Omsorgens pris. Kjønn, makt og marked i velferdsstaten*. Makt- og demokratiutredningen. Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 128–161

Thorsen, K. (2003). Å falle mellom alle stoler? – om aldring blant funksjonshemmede mennesker. *Nordisk sosialt arbeid*, 23(1):46–55

Vabø, M. (2003). Mellan traditioner och trender. New public management som ide och praktik. I M. Szebehely (red.): *Hemhjälp i Norden – illustrationer och reflektioner*. Lund: Studentlitteratur, s. 63–89

Vabø, M. (2003). Forbrukermakt i omsorgstjenesten – til stor hjelp for de svakeste? I L.W. Isaksen (red.): *Omsorgens pris. Kjønn, makt og marked i velferdsstaten*. Makt- og demokratiutredningen. Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 102–127

Walle, T.M. (2003). *Gutterelasjoner*. I www.txt.no. URL: <http://www.txt.no/tema/gutter/index.htm>

Walle, T.M. (2003). Male sexuality, female decency. *niba-nytt*, 1:3–8

Wichstrøm, L. & K. Hegna (2003). Sexual Orientation and Suicide Attempt: A Longitudinal Study of the General Norwegian Adolescent Population. *Journal of Abnormal Psychology*, 112(2):144–151

Ødegård, G. (2003). Samfunnsengasjement blant dagens unge. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 3(2):89–98

Returadresse:

NOVA  
Pb. 3223 Elisenberg  
0208 Oslo

Ansvarleg redaktør:

Direktør Magnus Rindal

I redaksjonen:

Halvard Dyb

Nina Eriksen

Info-NOVA kjem ut fire  
gonger i året

Ønskjer du å få info-  
NOVA gratis i posten

– send melding via:

• telefon: 22 54 12 00

• faks: 22 54 12 01

• e-post: [nova@nova.no](mailto:nova@nova.no)

Besøksadresse:

Munthesgt. 29

0260 Oslo

Følg NOVA på veven:

[www.nova.no](http://www.nova.no)

ISSN 1502-1041

Foto: Halvard Dyb  
Design: Bror Westblad